

## Møtereferat

<b>Møte:</b> Kommunesamanslåing, felles møte ordførarar og rådmenn	<b>Dato:</b> 26. Januar	<b>Tid:</b> 08.30 – 12.00	<b>Stad:</b> Formannskapssalen, Odda
<b>Tilstade:</b> Ordførarar og rådmenn frå dei tre kommunane			
<b>Forfall:</b> Ingen			
<b>Merknader til innkalling:</b> Ingen			

### **1. Fellesnemd**

Fellesnemd og prosessen vidare.

Punktvis oppsummering av hovudpunkt i diskusjonen :

- Viktig å etablera ei førebels fellesnemd som er forankra i dei ulike kommunestyra.
- Når ein skal byggja ein ny kommune bør fordelinga i fellesnemda vera basert på likeverd.
- Fleir ulike moglegheiter, andre kommunar har valt alt frå 3 frå kvar kommune til heile kommunestyre frå kvar kommune.
- Tidsperspektiv er viktig, kva kan ein få til og kor raskt er det ynskje om å få etablert ei førebuande fellesnemd ?
- Skal fellesnemd ha med tillitsvalde eller skal det vera eit partssamansatt utval? Dei fleste har valt å ha eit partsamansatt utval.
- Bør unngå at ein kommune får reint fleirtal.
- Bør vera eit konsensusarbeid i fellesnemda.
- Når ein oppretter ei fellesnemd må ein spørja politikarar som er engasjerte i arbeidet med å bygga ny kommune.
- Viktig å få på plass den overordna strukturen. Rådmennene kan få oppdrag frå førebuande fellesnemd.
- Ein kan få på plass arbeidsutval for dei mest sentrale prosessane.
- Dei eksisterande heradstyre/kommunestyra har full råderett fram til ordinær fellesnemd er på plass etter Stortinget har fatta sitt vedtak.
- Er ei stund sida siste offisielle møte i kommunesamanslåingsprosessen med politikarane i kommunane. Dei må no informerast nærare og framlegget til fordeling i fellesnemnda må diskuterast i dei tre kommunane.
- Framlegg på fordeling; 4 frå Jondal, 6 frå Ullensvang og 9 frå Odda sett i forhold til storleig på kommunane, og at ein kommune ikkje skal ha reint fleirtal.
- Semje om å gå i dialog med formannskapa i dei ulike kommunane rundt talet og mandat. Så vert det laga sak til kommune/heradsstyre, truleg til mars månad.

### **2. Oppsummering av KS seminar på Hell hotel i Stjørdal, 23. og 24. januar**

Jondal, Odda og Ullensvang var representert med ordførar, rådmann og tillitsvalde på seminaret var nr. 2 i rekka av 4 seminar med ulike tema. Felles semje om at det var eit nyttig seminar med gode tema.

Klare budskap, og presentasjonar frå andre samanslåingar. Fleire presenterte sitt arbeid med samanslåingane og korleis dei har gått fram i prosessen.

Klart budskap at ein må ha fokus på å byggja ein ny kommune og at ein skal avvikle dei gamle inn mot 2020.

Har og inntrykk av at dei tillitsvalde har gode erfaringar frå seminaret.

Oppsummert frå diskusjonen rundt bordet:

Klare visjon og mål, er dette forankra i kommunane i dag ?

Klart skilje mellom å bygge ny kommune og avvikle dei gamle er viktig.

Dei politiske partia skal og slåast saman. Mange partar som skal samarbeida.

Klart skilje mellom gammal og ny kommune og kva som skal gjerast for å bygga ny kommune, og kva som skal gjerast for å avvikla gamle kommunar inn mot 2020.

Særs viktig å laga gode strukturar og planer for arbeidet.

Dei tillitsvalde må informeras meir en krav og rettningsliner tilseier.

Dialog med politikarane er viktig, informera om kva som skjer.

Alle trenger informasjon om prosessen og ein plan må lagast .

Ulike prosesser i de ulike kommune som presenterte status på seminaret. Mange ulike metodar for å styre framdrift og vegen mot samanslåing.

Dei fleste har engasjert ein prosjektkoordinat/leiar tidleg i prosessen, ulike val av modell for organisering. Viktig å finne rett organisering for vår samanslåing.

Det blei gjennomført fleire arbeidsgrupper på dag 2 som omhandla fleir av tema som til dømes kommunikasjon, prosjektleiarar, arbeidsgrupper og dei folkevalde sin rolle.

Video og presentasjonar frå seminaret ligg ute på KS sine nettsider:

<http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/ks-tilbud-til-kommunene/arbeidsgiveransvar-ved-kommunesammenslainger-pa-dagsorden/>

### **3. Mandat**

Fellesnemd, og eventuelt førebuande fellesnemd, må ha eit klart mandat. Utkast til mandat vart gjennomgått og ein kom fram til eit fyrste framlegg i møtet.

Mandatet bør diskuterast vidare i kvar kommune før ein kan sy saman eit framlegg som kan vedtakast i dei tre kommunane.

### **4. Ymse**

#### **Felles Heimeside og kommunikasjon:**

Felles heimeside oppretta : [www.ullensvang.kommune.no](http://www.ullensvang.kommune.no)

Faktainformasjon, intensjonsavtalar, møtereferat, møteplanar og lenkjer til informasjon frå andre kan leggst ut. All informasjon som skal leggst vert sendt på kopi til dei andre ordførarane og rådmennene. Viss ein har kommentarar så må ein sei ifrå.

Ytterlegare fokus på kommunikasjon og informasjon når førebels fellesnemd er på plass, og ein har klar ein plan for kommunikasjon/informasjon.

Ordførarane prøver å få til eit felles møte med pressa den 31. Januar. Felles og lik informasjon til alle, å ta ein aktive rolle i høve informasjon er viktig.

### **Oksenhalvøya**

Kort orientering om brev frå Fylkesmannen om grensejustering/delings spørsmål frå Oksenhalvøya .

Brev om frådeling vart sendt inn i juni 2016, Fylkesmannen har no sendt spørsmålet ut til kommunane med høyringsfrist innan utgangen av februar før dei eventuelt tek saka vidare. Ullensvang herad skal handsama saka i heradsstyret den 13. februar.

### **Prosjektleder/koordinator**

Viktig å avklara struktur for vidare arbeid. Fleir ulike modeller for prosjektleder og prosjektorganisasjon er mogleg.

Ulike innspel til løysingar diskutert. Fordeler og ulemper med ulike løysingar. Ekstern utlysing av prosjektleder, om prosjektleder skal vera ny rådmann eller ikkje.

Prosjektleder og rådmann kan vera same person, men kan og vera to ulike personar.

Fellesnemda må avgjerda det.

Langt ifrå nokon garanti at rådmann eller prosjektledaren vert med vidare etter 2020, uavhengig av valt løysing.

Innspel på at ein prosjektleder skal sy i saman prosjektet. Den nye rådmannen skal bygge ein ny kommune.

Fekk ein del informasjon på seminaret på Hell, men vil og vita meir om kva andre kommunar har valt, og kva erfaringar dei har gjort seg.

### **Møte/samlingar**

Rådmennene har lagt opp til felles møte annankvar tysdag framover.

Det er avtala felles samling med leiarane (kommunalsjefar og virksomhetsleiarar /tenesteleiarar) og hovudtillitsvalde i dei tre kommunane 14. februar med KS konsulent, samt samling for leiarane den 20. april med Monica Rydland.

Møtet slutt kl. 12.00.

Referent: M. Steigedal